

Usanning frå Riksmålsforbundet

SPRÅK

JON GREPSTAD

OSLO

Riksmålsforbundet strevar etter velsigning og har i avisinnlegg land og strand rundt (og i Dag og Tid 16. mai) gratulert oss alle med at Grunnlova no finst på nynorsk. Ein kjerne i gratulasjonen er den spektakulære usanninga at riksmål og nynorsk er likestilte målformer: «Vi har to likestilte målformer i Norge,

riksmål/bokmål og nynorsk».

Bokmål og nynorsk er jamstilte målformer, riksmål er det ikkje.

Riksmålsforbundet sin kjærleik til nynorsk kan ein elles studere i programmet frå 2006, som ikkje berre omfattar tiltak for å fremje riksmål, men òg tiltak som vil svekkje nynorsk: oppheving av kvotereglane i mållova og avskaffing av obligatorisk skriftleg sidemål i skulen.

I det same programmet finn

ein òg det noko kuriøse synet at utviklinga av målformene «må ikke skje gjennom politisk styring».

Riksmålsforbundet står for det mest mørkeblå i norsk språkdebatt, på viktige felt markant på kollisjonskurs med offisiell norsk språkpolitikk, slik denne er formulert i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* og ved stortingsbehandlingen av meldinga.

Jon Grepstad er tidlegare informasjonssleiar i Språkrådet.